



# RETTLEIING TIL SAMLEREKNING FOR TANNBEHANDLING

**Mangelfullt utfylte skjemaer returneres.**

## **OPPGJER/FORELDING**

Papirbaserte stønadskrav skal sendast ein gong i månaden.

Stønadskrav som er heimla i folketrygdlova § 5-6, må leggjast fram innan seks månader etter at kravet tidlegast kunne vore framlagt, jf. folketrygdlova § 22-13. Sjå elles mønsteravtalen punkt 4.2.

## **EIGENANDELSTAK 2 - FRIKORT**

Personar med frikort eigendelstak 2 skal ikkje betale godkjend eigendel for tannbehandlinga. Krav som følge av frikortordninga blir refunderte særskilt og skal førast separat. Det vil seie at stønadskravet for pasientar med frikort tak 2 må delast i to, slik at godkjende eigendelar blir førte under Eigendelstak 2 – frikort. Refusjonsbeløpet skal førast på det innslagspunktet behandlinga gjeld. Behandlaren får dermed utbetalt både refusjonsbeløpet og eigendelsbeløpet.

## **UNDERSØKING**

Undersøking av kjeveortoped før behandlingssoppstart skal førast i Samlerekning under punktet Bitanomaliar – Undersøking.

## **RØNTGEN REKVIRERT AV LEGE**

Tannlegar som får tilvist pasientar frå lege for prøvetaking og røntgenundersøkingar, fører opp utgiftene under dette punktet.

## **TANNLEGEERKLÆRING VED YRKESSKADE**

Honorering av L25 i samband med tannlegeerklæring for yrkesskade (NAV 13-00.08) skal førast særskilt.

## **KRIGSPENSJON**

Tannbehandling til krigspensjonistar med heimel i krigspensjoneringslovene skal førast særskilt.

## **UNDERSKRIFT**

Samlerekninga skal vere underskriven.